

KSK-notat nr.: 12/2014 - Bakgrunn for vedtak

Søklar/sak:	Kvistad og Årset Kraftlag AS/Årsetelva kraftverk	
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Ørsta	
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.:
Sakshandsamar:	Steinar Pettersen	Sign.:
Dato:		
Vår ref.:	NVE 200905841	

:

Søknad om løyve til Årsetelva kraftverk i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	6
NVE si vurdering	13
NVEs konklusjon	17
Forholdet til anna lovverk	18
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	19
Kart	22

Samandrag

Kvistad og Årset Kraftlag AS søker om løyve til å utnytte eit fall på 340 m i Årsetelva til kraftproduksjon. Inntaket er planlagt etablert på kote 450 og kraftstasjonen på kote 110. Tillaupsrøyrret skal gravast ned på heile strekninga og vil følgje dyrka mark og eksisterande veg inn i Kvistaddalen. Utbyggingsstrekninga er på 3400 m, og Årsetelva kraftverk er planlagt med ein installasjon på 0,9 MW.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje drygt 5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for minikraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer små kraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2011-2013) har NVE klarert om lag 1,4 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjevne i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må

dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Ørsta kommune er positiv til ei utbygging, medan Fylkesmannen og FNF Møre og Romsdal kan akseptera ei utbygging, gitt at verdiane i vassdraget blir teken i vare, enten ved ei justering av prosjektet eller gjennom detaljplan. Miljøpartiet De Grønne er skeptisk til ei utbygging grunngjeve i omsynet til laks.

Årsetelva er ein del av det verna Bondalsvassdraget, og dette krev særleg aktsemd. Ingen av høyringspartane går imot Årsetelva kraftverk med grunngjeving i vassdragsvernet. NVE meiner likevel at det er viktig at det blir lagt vekt på at konsesjonsvilkåra tek i vare omsynet til vassdragsvernet dersom det blir gitt konsesjon. Søknaden er elles utforma med ei avgrensa slukeevne på maksimalt 30 % av medelvassføringa, og med ei minstevassføring som må karakteriserast som høg samanlikna med dei fleste andre søknader om mini- og småkraftverk.

Inntaket er planlagd ved Kvistadsætra. Ved ein ev. konsesjon er det NVE si vurdering at det må leggjast vekt på at inntaket ikkje blir dominerande i landskapet, og at det får ei utforming som tek omsyn til Årsetelva sin økologiske funksjon. Eksakt plassering av inntaket kan avklarast gjennom detaljplan, og denne må også ivareta omsynet til kulturbeitemarka ved sætra og forekomst av solblom i nedre del. Bondalselva er lakseførande, men NVE legg til grunn at Årsetelva har liten verdi for anadrom fisk og at Årsetelva kraftverk ikkje vil ha nemneverdige konsekvensar for dette tema. NVE legg også vekt på at rørgatetraseen er planlagt etablert over dyrka mark og langs eksisterande stølsveg inn i Kvistaddalen og soleis ikkje inneber nye terrenginngrep i særleg grad.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne fråsegna meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kvistad og Årset Kraftlag AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Årsetelva kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Årsetelva kraftverk vil etter NVE si vurdering ikkje røre ved verdiar som ligg til grunn for vernet av Bondalselva. Området ved Kvistadsætra vil bli noko påverka av ei utbygging, men NVE legg til grunn at ein gjennom detaljplanen kan ivareta verdiane i dette området. Det blir føresett at inntaket skal få ei lite dominerande utforming og ivareta omsynet til biologisk mangfald. Det er også vår vurdering at friluftinteressene i Kvistaddalen ligg lenger opp i dalføret og ikkje blir påverka av ei utbygging. Årsetelva kraftverk vil ha ei avgrensa slukeevne og ein etter måten stor minstevassføring, og elva sin økologi og verdi i landskapet vil bli teken i vare.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Kvistad og Årset Kraftlag AS, datert 22.01.2013:

Kvistad og Årset Kraftlag AS ønskjer å nytte vassfallet i Årsetelva i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. *Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:
-å bygge Årsetelva kraftverk*

Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren Tussa Nett AS.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Årsetelva kraftverk, endeleg omsøkte hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	10
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	33,7
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	107
Middelvassføring	m ³ /s	1,07
Alminneleg lågvassføring	l/s	80
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	180
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	60

KRAFTVERK

Inntak	moh.	450
Avløp	moh.	110
Lengde på aktuell elvestrekning	km	3,4
Brutto fallhøgde	m	340
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,74
Slukeevne, maks	l/s	320
Minste driftsvassføring	l/s	20
Tilløpsrøyr, diameter	mm	500
Tunell, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrøyr/tunell, lengde	m	3200
Installert effekt, maks	MW	0,9
Brukstid	timar	5990

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,6
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2,79
Produksjon, årleg middel	GWh	5,39

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	14,2
Utbyggingspris	kr/kWh	2,63

Årsetelva kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	1,1
Spenning	kV	690

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	1,2
Omsetning	kV/kV	0,23/23

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	m	300
Nominell spenning	kV	23
		Luftlinje

Om søkjar

Kvistad og Årset Kraftlag AS står som søkjar og vil førestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet. Kontaktperson er Knut Hustad, 6165 Sæbø.

Skildring av området

Utbyggingsområdet ligg i Bondalen i Ørsta kommune i Møre og Romsdal, 15 km aust for kommunesenteret Ørsta.

Årsetelva er ei sideelv til Bondalselva som renn austover gjennom Bondalen med utlaup i Hjørundfjorden ved Sæbø. Årsetelva får tilsiget frå fjellområdet mellom Bondalen og Bjørke og renn gjennom Kvistaddalen ned til samlaupet med Bondalselva på kote 80. Nedbørfeltet er på 18,5 km² og medelvassføringa 1,8 m³/s.

På utbyggingstrekinga har elva eit jamt og bratt fall med stryk og mindre småfossar, men ingen markerte elvestryk eller fossar. På nederste delen er det flate parti med elveforbyggingar og tersklar, lenger oppe er dalen smalare og V-forma med til dels bratte elvesider. Elvebotnen består av stein og er ustabil nedstraums eit større fonnskred (Storfonna) som fører stein ut i elva.

Det er bygd veg innover Kvistaddalen og midt i dalen ligg to dyrkingsfelt og støyshus. Den nedre delen er prega av busetnad, jordbruk, granplantingar, vegar og kraftlinjer. I tiltaksområdet er det dyrka mark lengst oppe, elles er det lauvskog og granplantingar.

Teknisk plan

Inntak

Kraftverksinntaket er planlagd nedanfor Kvistadsætra på kote 450. Det blir laga ein lausmasseterskel over elva med lengd 15 m og største høgd 0,7 m. Elva blir leia inn i ein 10 m lang kanal med breidd 4 m. Ved enden av kanalen blir det støypt ein liten inntakskonstruksjon med varegrind, innlaupskonus og stengjeventil. Inntaket får eit vassvolum på ca. 200 m³ og vil tene som sedimenteringsbasseng for sand og stein. Grunnen består av lausmasser og området ligg i overgangen mellom innmark og utmark.

Røyrgate

Frå inntaket på kote 450 blir driftsvatnet leia ned til kraftstasjonen gjennom eit 3200 m langt røyr av duktilt støypejern med diameter 0,5 m. Røyrtraseen vil hovudsakleg følgje den eksisterande støylsvegen og røyrret blir nedgravd i grøft og overfylt med lausmassar på heile strekninga slik at det ikkje vil vere synleg. Det er mektige lausmasseavsetningar (morene) i området, og ein reknar ikkje med fjellsprenging i nokon grad. I området er det bjørkeskog og enkelte parti med granplantingar, øvst er det eit mindre område med innmark.

I anleggsfasen blir breidda på røyrtraseen maks 15 m inklusive eksisterande veg. Der røyrtraseen ikkje fylgjer eksisterande veg, blir det bygd ein mellombels anleggsveg langs røyrgrøfta for transport av røyr etc. Massane i den mellombelse anleggsvegen blir nytta til gjenfylling av røyrgrøfta og planering i røyrtraseen.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen blir plassert på austsida av elva i eit lite skogsområde som er omgjeve av innmark. Avlaupet frå kraftstasjonen vert ført attende til elva på kote 110 gjennom ein kort kanal.

Det er planlagt installert ein peltonturbin med effekt 0,9 MW og maksimal slukeevne 0,32 m³/s og ein lågspenngenerator (690 V) med effekt 1,1 MVA. Det blir vidare installert 1 stk hovudtransformator med effekt 1,2 MVA og med omsetning frå generatorspenning (lågspenng) til 23 kV. Hovudtransformatoren blir plassert inntil kraftstasjonshuset som ein integrert del.

Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 60 m² og enkel utforming med mønetak. Utsjånaden blir tilpassa eksisterande bygningar med torvtak og utvendige veggjar av trepanel. For å unngå sjenerande støy frå kraftstasjonen, blir det gjort tiltak som til dømes dykking av avløpskanalen (vasslås) og isolering av kraftstasjonshuset.

Nettilknyting

Kraftverket blir knytt til det eksisterande 23 kV nettet med ein 350 m lang 23 kV jordkabel. Kabelen vil krysse Årsetelva i nedgrave trekkerøyr. Kraftlaget vil inngå avtale med Mørenett AS /(tidlegare Tussa Nett AS) om drift av høgspennganlegget.

Veg

Det blir bygd ein 3,5 m brei og 200 m lang tilkomstveg til kraftstasjonen. Tilkomsten til inntaket blir basert på gangtrafikk over dyrka mark, og det blir ikkje opparbeidd tilkomstveg. I anleggsfasen vil tilkomsten til inntaket skje på den mellombelse anleggsvegen i røyrgrøfttraseen.

Massetak og deponi

Tiltaket fører ikkje til behov for uttak eller deponering av masser. Masseoverskotet ved nedgraving av røyrret blir lite pga. liten røyrddiameter, og overskotsmassane blir plassert og arrondert i traseen ved ferdigstilling av anlegget.

Arealbruk

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til mellombelse og permanente anlegg. Dei mellombelse anlegga (riggområde, mellomlager, etc.) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

	Mellombels arealbehov (da)	Permanent arealbehov (da)	
Inntaksområde	0,5	0,1	Innmark/utmark
Tillaupsrør	30	0	Utmark/innmark
Kraftstasjonsområde	1	0,5	Utmark
Tilkomstveg kraftstasjon	1	1	Utmark
23 kV jordkabel	1	0	Utmark

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

Samla plan for vassdrag

Ei utbygging kjem ikkje i konflikt med Samla plan for vassdrag.

Verneplan for vassdrag

Bondalselva med sideelver, som også omfattar Årsetelva, er verna i 1973 (Verneplan I).

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket vil ikkje medføre endringar for inngrepsfrie områder, det er allereie bygd veg oppover Kvistaddalen.

Nasjonale laksevassdrag

Bondalselva er ikkje nasjonalt laksevassdrag.

Andre verneområde

Det føreligg ingen andre verneplanar eller spesielle restriksjonar for området.

Eventuelle fylkesvise eller kommunale planar for småkraftverk

Småkraftverk er ikkje tema i fylkes- eller kommunedelplan.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale saman med 13 andre søknader i Ørsta og Volda. NVE var på synfaring i området den 10.09.2013 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, og FNF Møre og Romsdal. Søkjar har fått høve til å kommentere innkomne fråsegn.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre fråsegn er forkorta av NVE. Fullstendige fråsegn er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande fråsegn til søknaden:

Ørsta kommune vedtok følgjande på møte i formannskapet den 04.06.2013:

” Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 GWh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdelag i kommunen. Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.

...

Årsetelva kraftverk vert tilrådd konsesjon – Inntaket bør trekkast nokre høgdemeter nedanfor setra.”

I saksframlegget frå administrasjonen, blir det gjort greie for planstatus i området, i tillegg til kva verdi Årsetelva/Kvistaddalen har for friluftsliv, anadrom fisk og anna biologisk mangfald. Ei utbygging blir vurdert til i liten grad å røre ved kjende verdiar innafor desse tema, eller vil kunne bøstast på i tilstrekkeleg grad gjennom detaljplanlegginga.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gitt fråsegn i brev datert 03.06.2013.

Fylkesmannen vil ikkje rå ifrå søknaden, men ber om at det blir sett krav til at naturbeitemarka ved Kvistadsætra ikkje blir skada ved utbygginga, og at ein bør vurdere å flytte inntaket noko lenger vekk frå sætra.

Fylkesmannen reknar den nedste del av Årsetelva som anadrom, men med liten verdi pga. tidligare inngrep i elva. Det blir elles vist til at vassdraget er verna, men at utbygginga ikkje vil røre ved ein særleg utvald lokalitet for friluftslivet ovafor Kvistadsætra.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt fråsegn i brev datert 08.05.2013, med tilslutning frå fylkesutvalet i møte den 27.05.2013.

Fylkeskommunen saknar kartlegging av kulturminne og kulturmiljø, og det vil være naudsynt å gjere arkeologisk registrering i forhold til undersøkingsplikta og § 9 i kulturminnelova. Det blir peikt på at det er eit stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet.

Det blir uttalt at bygging av småkraftverk vil betre straumforsyninga i fylket og auke delen fornybar energi, og gje auka verdiskaping og næringsutvikling som vil kome kommune, lokalsamfunn og den einskilde grunneigar til gode.

Fylkeskommunen legg også vekt på at det er avgjerande viktig at utbygging ikkje skadar Hjørundfjorden som eit viktig reiselivsmål, utan at dette er direkte knytt til søknaden for Årsetelva.

Fylkeskommunen viser elles til at ”Søre Sunnmøre vassområde” arbeider konkret med utforming av tiltak i bl.a. Bondalselva, og har følgjande innspel som vassregionmyndigheit:

”-Ved nye inngrep i ein vassforekomst er det i § 12 i vassforskrifta lagt stor vekt på å avgrense negativ påverknad. For å kunne følgje opp dette i etterkant, vil det vere eit vilkår at ein har tilstrekkeleg kunnskap om miljøtilstanden knytt til vassdraget før utbygging.

- Saksbehandlinga av søknadane må samordnast med tiltaksanalysearbeidet i Søre Sunnmøre vassområde.

- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levestett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.”

Statens vegvesen Region midt uttaler i brev datert 13.03.2013 at dei på generelt grunnlag ikkje har merknader til småkraftverk om det ikkje fører til uheldige trafikale forhold langs offentlig veg. Dei legg til grunn at dei blir involvert i dei sakene der det blir aktuelt med vurderingar og løyve etter veglova.

Tussa Nett AS skriv i brev datert 20.03.2013 at det i følgje Statnett ikkje er ledig kapasitet i sentralnettet til innmating av produksjon før 420 kV-ledninga Ørskog-Fardal blir sett i drift i løpet av 2015. Dei skriv vidare følgjande med relevans for Årsetelva:

”...

Tussa Nett AS har fått konsesjon på byggjing av ny 132 kV leidning frå Rekkedal til Sæbø inkludert ny 132/22 kV transformator i Sæbø. Bakgrunnen for dei omsøkte nettutvidingane er mellom anna å få ut innestengt produksjon frå Trandal og Urke, og i tillegg vil ein kunne ta i mot ny produksjon frå fleire planlagde kraftverk. Denne løysninga eller tilsvarande må vere på plass før ein kan ta i mot meir produksjon frå kraftverk i Hjørundfjorden.

....”

Istad Nett AS uttaler i brev datert 25.03.2013 at dei stiller seg bak brevet frå Tussa Nett AS.

Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) har gitt fråsegn i brev datert 10.05.2013. Dei gir i innleiinga uttrykk for at behandling av søknader i pakker stiller store krav til høyringspartane, og at føre-var-prinsippet blir viktigare enn ved behandling av enkeltsaker. Problematikken om samla belastning blir også drøfta, og det blir etterlyst ein tilsvarande vurdering for Austefjord-området, slik det er gjort for Hjørundfjorden. Vidare vises det til NVE sin rapport 2-2010 ”Etterundersøkelser ved små kraftverk. Sumvirkninger på landskap” som konkluderer med at sumverknadane er akseptable der eksponerte fossefall ikkje er tillete bygd ut, og at vegbygging i samband med tiltaka står for ein større del av landskapsinngrepa enn forventa.

I forhold til biologisk mangfald, peiker FNF på at når det blir eit større utbyggingstrykk i elvane, vil reserverevir bli viktigare for sårbare artar som strandsnipe, fossefall, oter og fleire hakkespettartar. FNF drøfter også problemstillingar når det gjeld bruk av lokale kunnskapskjelder, og saknar ei vurdering av om dei påstytte positive konsekvensane av småkraftutbygging som ”vekst og trivsel” har slått til. Samstundes blir det vist til ny dokumentasjon av at vann og vassdrag blir høgt verdsett som kjelde til naturopplevingar. Det blir også etterlyst større vektlegging av fagområde som friluftsliv, estetikk, landskap og kulturverdiar, og FNF meiner at det også for disse tema burde vore stilt krav til kunnskapsgrunnlaget på same måte som for biologisk mangfald.

I samband med vassforskrifta sine miljømål, meiner FNF at det kan være naudsynt å nekte konsesjon til småkraftverk i vassdrag der utbygging kan føre til at miljøtilstanden kan bli redusert til dårlegare enn ”god tilstand”. Det vises til at ein i arbeidet med vassforskrifta har peikt på at det kan vere aktuelt å stille strengare miljøkrav ved kraftutbyggingar og andre inngrep i vassdrag, og at revisjon av konsesjonsvilkår kan vere aktuelt for nokre kraftverk for å betre miljøtilstanden. Behandlinga av småkraftsøknader i Ørsta og Volda må trekke mot de same måla som Søre Sunnmøre vassområde.

FNF meiner det er eksempel på at linjenett og -kapasitet kan vere avgrensande for produksjonen i små kraftverk. Dette kan ikkje vere argument for at nye kraftverk må få løyve. NVE må elles sjå naudsynt utbygging av linjer og anna infrastruktur i samanheng med småkraftsøknadane. FNF peiker også på at småkraftverk har liten produksjon når kraftbehovet er størst.

FNF viser elles til gjennomførte etterundersøkingar i samband med små kraftverk, som viser at det er naudsynt med betre kontroll med at vilkåra til løyva blir følgd. Det nemnes konkrete tema, og det vises

til FNFs egne erfaringar som inneber skepsis til nye kraftutbyggingar pga. avvik mellom kva det er gitt løyve til, og kva som er bygd.

Avslutningsvis i dei generelle merknadene blir det føresett at det må krevjast av dei som byggjer ut, at den beste teknologien blir brukt for å avgrense miljøkonsekvensane, til dømes coanda-inntak.

Når det konkret gjeld Årsetelva kraftverk, peikar FNF særskilt på at vassdraget er verna og at dette krev ekstra aktsemd. Dei meiner inntaket bør flyttast lenger unna Kvistadsætra, og det blir vist til Kvistaddalens verdi for friluftslivet og Bondalselvas verdi for anadrom fisk. Dei kan akseptere at det blir gitt konsesjon til Årsetelva kraftverk dersom at minstevassføringa minst blir på det nivå som er omsøkt, og at det i detaljplanen blir tatt naudsynt omsyn til verdiane i området elles.

Miljøpartiet De Grønne (MDG) skriv i brev datert 07.05.2013 at mange elver i Ørsta og Volda allereie er bygd ut, og at det vil stå att svært få dersom det blir gjeve løyve til ytterlegare 14 kraftverk. Dette ville vere uheldig med tanke på artsmangfaldet, turisme og natur- og kulturoppleving.

MDG er positive til fornybar energi, men peiker på at utbygging av småelver vil gje varige og dramatiske inngrep i den enkelte elv. MDG ber NVE om å leggje stor vekt på artsmangfaldet, samt viser til at vegbygging kan ha stor konsekvens for landskapet. MDG saknar ei samla konsekvensvurdering for linjenettet etter utbygging, og peiker på at småkraftverk bør ha ein plan for korleis dei kan bidra med beredskapsstraum ved regionale straumbrot. Det blir også etterlyst plan for kontroll av utbyggingane, og slike bør ligge føre før konsesjon blir gjeve. Det blir peikt på at det er ein svakheit med søknadene at dei ikkje er visjonære i forhold til samarbeid med og lokalisering av landbasert fiskeoppdrett.

Når det konkret gjeld Årsetelva kraftverk, er MDG skeptisk til utbygging då det kan ha negativ innverknad på levekåra til villaksen i Bondalselva. Ved eventuell utbygging bør inntaket ha større avstand til sætra.

Dagfinn Leira gir i eit skriv datert 25.07.2014 uttrykk for at det ikkje bør gis konsesjon til dei omsøkte kraftverka i Ørsta kommune, då opplevingsverdiane kan blir forringa eller gå tapt pga. summen av inngrepa.

Kvistad og Årset Kraftlag AS har i brev datert 13.06.2013 gitt følgjande kommentarar til høyringsfråsegnene:

” ...

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Inntaket kjem relativt nært til Kvistadsætra. Ei alternativ lokalisering noko lenger vekk frå det opne landskapet ved sætra bør vurderast.

Rørgatetraceen er lagt oppe på det flate platået nedanfor Kvistadsætra for å kunne følgje stølsvegen og unngå store inngrep i det bratte partiet nedanfor. Store deler av platået består av dyrka mark og tilløpsrøret kan her gravast ned uten nemnande konsekvensar for natur og miljø. For å unngå tekniske problem med drifta av kraftverket (pendling), så må det vere eit visst fall på rørgata nedstrøms inntaket. For å oppretthalde det nødvendige fallet og samtidig unngå å hamne utfor platåkanten, kan inntaket truleg flyttast maximum ca 70 m nedover til kote 445, men avstanden til sætra vil bli om lag den same. For å auke avstanden til sætra kan inntaket flyttast ca 80 m oppover til kote 455.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Stort potensiale for funn av automalisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet

Kraftstasjonen kan truleg flyttast for å unngå konflikt med kulturminner uten at dette får nemnande konsekvensar for kraftproduksjon og prosjektøkonomi.

Forum for Natur og Friluftsliv

Etter vårt syn er dei planlagde tiltaka rundt inntaket ikkje gode nok

Området ved inntaket og Kvistadsetra vert i liten grad berørt av utbygginga. Rørgata blir her nedgravd over innmark som i dag blir brukt til grasproduksjon og det blir ikkje bygd tilførselsveg til inntaket. Innmarka blir sett i stand ved avslutninga av anleggsarbeidet og den permanente tilkomsten til inntaket vil skje til fots frå Kvistadsetra. Det einaste permanente synlege inngrepet er den 0,7 m høge steinterskelen over elveløpet, inntakskanalen på 10x4m og rørinntaket som hovudsakleg ligg under bakkenivå. Dersom det er ynskjeleg kan høgda på steinterskelen reduserast til 0,4m og inntakskanalen til 6x2 m.

Området sin verdi for friluftsliv er for lite vektlagt av søkjar. At "Kvistaddalen berre sporadisk vert brukt som turområde" stemmer ikkje.

Vi viser her til søknaden kap 3.11 Brukarinteresser: Det går bilveg innover Kvistaddalen til Årsetsætra og to turstiar vidare innover dalen og opp i fjellområdet. Den indre delen av Kvistaddalen og fjellområdet i søraust (Kvistadjerringane) vert nytta i samband med tradisjonelt tur og friluftsliv, mest av lokalt busette. Den berørte elvestrekninga er lite eksponert mot bilvegen og turstiane og ein ventar ingen spesielle konsekvensar for ferdsel og friluftsliv.

Vi ser helst at inntaket vert flytta til elvesvingen på kote 400,

Bondalselva med sideelva Årsetelva er eit verna vassdrag og ved planlegginga av kraftverket er det lagt stor vekt på å minimalisere konsekvensane for natur og miljø. Rørgate og inntak er difor plassert langs eksisterande veg og på innmark for å berøre urørt natur minst mogeleg. Flytting av inntaket til kote 400 vil medføre at rørgata må leggst i ei bratt elvesida over ei strekning på ca 0,5 km. Dette vil medføre store inngrep og nærmast ei rasering av terrenget på denne strekninga.

Dette er kanskje eit av dei prosjekta der ein bør vurdere Coanda-inntak For å få meir av botnssubstrat og småfisk nedover vassdraget og ikkje inn i turbinen. Og for å få ein lågare terskel.

Dersom ein ynskjer å minimalisere konsekvensane for natur og miljø, så er det ikkje rett å nytte Coanda-inntak. Inntakskanalen ved det planlagde inntaket vil framstå som ei stille lone i tilknytning til elva og botnssubstrat og småfisk vil normalt ikkje hamne i turbinen. Eit Coanda-inntak vil kreve dobbelt så høg terskel (1,4 m) og konstruksjonen med perforert stålplate over elva vil visuelt framstå vesentleg meir unaturleg enn det planlagde inntaket.

Om tiltaket får konsesjon må det føreligge ein betre og meir detaljert plan for inntaksområdet,

Dersom det blir gitt konsesjon blir det utarbeidd detaljplaner som blir førelagt NVE til godkjenning.

Miljøpartiet De Grønne

MDG er skeptisk til utbygging då det kan ha negativ innverknad på levevilkåra til villaksen i Bondalselva.

Prosjektet inneheld ingen reguleringsmagasin og utbygginga vil ikkje ha nemnande konsekvensar for vassføringa og levevilkåra for villaksen i Bondalselva.”

Tilleggsopplysningar

På bakgrunn av fråsegnene og synfaringa, ba NVE søkjar om å gjere greie for ulike inntaksplasseringar, og kva konsekvensar dette ville få for rørgatetraseen. Det blei også bedt om ei vurdering av bruk av coanda-inntak.

20.10.2013 mottok vi følgjande opplysningar frå søkjar:

”...

Inntaket er plassert på grunnlag av eksisterande kartmateriale (NGO) og dette er tilstrekkeleg nøyaktig til å evaluere plasseringa. Det er ikkje behov for nøyaktige målingar fordi det er nødvendig fall på rørgata og grøftedjupna som er avgjerande for plasseringa av inntaket.

Fallet på rørgata må vere så stort at det ikkje oppstår skadelege trykkpendlingar i vassvegen og dette minimumsfallet er berekna til 1,2 høgdemeter pr 100 lengdemeter frå inntaket og nedover. Når det gjeld grøftedjupna så er den normalt 1-2 m, blir den djupare vil det ha ein miljømessig og økonomisk konsekvens. På innmarka nedover frå inntaket er det føresett grøftedjupne på max 6-8 m som økonomisk forsvarleg. I det sidebratte terrenget nedanfor innmarka er det føresett max 2-3 m som teknisk og økonomisk forsvarleg, problemet her er å gjennomføre arbeidet slik at ein unngår rasering av nedanforliggende terreng. Der rørgata er plassert langs vegen er det føresett max 3-4 m djup grøft.

På vedlagde kart og flyfoto er det lagt inn 5 alternative inntak frå kote 430 til kote 450. For dei to øverste alternativa med inntak på kote 445 og 450 vil grøftedjupna bli opp til 3-4 m og traceen kjem greit inn på oversida av stølsvegen. Desse alternativa berører berre innmark og er miljømessig gode og har tilnærma normal kostnad.

For alternativet med inntak på kote 440 vil grøftedjupna bli 6-8 m over ei lengde på 150 m nederst på innmarka og opp til 4-5 m ei kort strekning langs vegen. Dette alternativet vil hovudsakleg berøre innmark og vil vere miljømessig bra, men kostnaden vil auke med ca 1 mill.kr i høve til kostnadsoverslaget.

For alternativa med inntak på kote 435 og 430 vil grøftedjupna bli 8 m over ei lengde på 100 m nederst på innmarka og rørtraceen vil bli liggande nedanfor vegen i den bratte og urørte lia over ei lengde på 200-300 m. Det vil bli betydelege terrengskader i lia nedover til elva og skadene er vurdert som uakseptable i eit verna vassdrag. Kostnaden vil auke med anslagsvis 3 mill.kr i høve til kostnadsoverslaget

Konklusjonen er at det ikkje er akseptabelt å plassere inntaket lenger ned enn ca kote 440.

...

Coandainntak er ein relativt ny inntakskonstruksjon som er lite utprøvd her i landet. Den er utvikla for å rense vatn og erstatte vanleg risterenskar. Coandainntaket består av ei 1,2 m høg silrist av stål over elveløpet som vatnet renn over og ei underliggende betongrenne som samlar opp det rensa vatnet og leier det bort til inntaket for tilløpsrøret. Renseeffekten er god for grovare steinmasser, fisk og flytande rusk som kvist og lauv, men renseeffekten er dårleg for fine steinmasser. Inntaket eignar seg difor ikkje i masseførande elvar som Årsetelva. Steinpartiklar som er større enn 0,3 mm kan skade og ødelegge turbinen i løpet av kort tid.

Den omsøkte inntakskonstruksjonen er utprøvd med godt resultat ved ca 40 småkraftverk som har inntak i masseførande elvar. Konstruksjonen består av ein låg (0,5 m) terskel av stein over elveløpet som leier vatn til ein liten utgravd kanal tilside for elva. Kanalen fungerer som eit sedimenteringsbasseng for fine steinmasser (sand og grus) som kan skade turbinen. Det blir ikkje leia meir vatn inn i kanalen enn det som går gjennom turbinen, vassfarten i kanalen blir dermed minimal og kanalen framstår som ei stille lone ved elva uavhengig av vassføringa i elva. Botnsubstrat og organismer i elva forflytter seg ved store vassføringar og vil då hovudsakleg bli ført over den låge elveterskelen og vidare nedover elva. Fisk og levande organismer kan opphalde seg i den stille kanalen og forflytte seg ut i elva uten å bli ført inn i vassvegen til kraftverket.

Konklusjonen er at Coandainntak ikkje reinser vatnet for skadelege steinpartikler og såleis ikkje kan nyttast i masseførande elvar som Årsetelva. I høve til den omsøkte inntakskonstruksjonen med sedimenteringskanal, er det tvilsamt om Coandainntaket er betre miljømessig med tanke på botnsubstrat, fisk og levande organismer i elva.”

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 10 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 1,07 m³/s. Feltet har ikkje innsjøar, og delen bre i nedbørfeltet er på 0,3 %. Avrenninga er stabil frå år til år med dominerande haust- og vårflaumar. Lågaste vassføring opptre gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 180 og 60 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 80 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 0,32 m³/s og minste driftsvassføring 0,02 m³/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s i perioden 01.05. til 30.09 og 80 l/s resten av året. I følge søknaden vil dette medføre at 18 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til kraftproduksjon

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Med ei maksimal slukeevne tilsvarende 30 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring på 300 l/s om sommaren, vil dette gje ei restvassføring på ca. 875 l/s rett nedstraums inntaket som eit gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil komme i flaumperiodar. Flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følge søknaden vil det vere overløp over dammen 244 dagar i eit middels vått år. I 28 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 760 l/s ved kraftstasjonen.

NVE meiner at med omsøkt slukeevne, vil vassdraget sin naturlige vassføringsdynamikk oppretthaldast.

Produksjon og kostnader

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine egne berekningar.

Forholdet til vassdragsvernet

Årsetelva er eit verna vassdrag. Bondalselva er verna grunna «*at de kjente utbyggingsinteressene er ubetydelige, mens verneverdiene er vesentlige*». Det ligg ikkje føre noko nærmare grunngjeving frå vernetidspunktet. NVE har i samarbeidt med Direktoratet for naturforvaltning seinare utarbeid ein rapport om verdier i Bondalselva. I denne framgår det at Kvistaddalen er eit lokalt viktig friluftsområde, og at Kvistadjerringane (Skårasalen) er eit regionalt viktig friluftsområde. I tillegg nemnes Kvistadsætra som eit kulturminne, men utan dei opphavlege sela.

At vassdraget er verna blir peika på av Fylkesmannen, og det er også drøfta i kommunen sitt saksframlegg. FNF meiner at dette tilseier særskilt aktsemd. NVE er samd i dette. Samstundes er det ingen høyringsparter som meiner at vassdragsvernet vil vere til hinder for ei utbygging slik som det er søkt om. Stortinget har vedteke at det kan vere akseptabelt med utbygging av minikraftverk i verna vassdrag dersom det ikkje rør ved verneverdiane.

Vernevedtaket i 1973 gir ingen haldepunkt for at Årsetelva kraftverk vil røre ved verdiar som låg til grunn for vernet. Søknaden og høyringspartane peiker på verdifulle forhold i vassdraget, utan at det blir peikt på at ei ev. utbygging vil redusere desse. Det blir gjort ei konkret vurdering av desse forholda i omtalen av biologisk mangfald, friluftsliv og landskap seinare.

I OEDs retningslinjer for små vasskraftverk leggst det stor vekt på omsynet til verneverdiane, og søknader om løyve kan bli nekta utan ytterlegare saksbehandling. Dette er i samsvar med vassressurslova § 35 nr. 8, der det også går fram at dersom det blir gitt løyve, må det gis ei særskild grunngjeving.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Inntaket til Årsetelva kraftverk er planlagt i nærområdet til Kvistadsætra. Dei fleste høyringspartane ber om at plasseringa blir vurdert flytta noko nedover, for å unngå inngrep i kulturlandskapet i støylsområdet. NVE har derfor bede søkjar om å gjere greie for kva konsekvensar ei slik flytting vil ha for den vidare røyrгатetraseen. Søkjar har peika på at dersom inntaket blir trekt for langt ned, vil dette føre til at røyrгата ikkje berre følgjer dyrka mark og eksisterande veg, men også vil føre til inngrep i eit sidebratt terreng utan tidlegare inngrep.

Inntaket er planlagt på kote 450, ca. 130 m ovafor det oppdyrka arealet ved Kvistadsætra. Ifølgje søkjar, kan det være økonomisk og miljømessig akseptabelt å flytta inntaket ned til kote 440. Dette vil innebere ein meirkostnad på ca. 1 mill. kr pga. at røyrgrøfta må gravast djupare. Dersom inntaket flyttast enno lenger ned, vil meirkostnaden bli større samstundes som det på ei strekning vil innebere inngrep i eit urørd terreng. Produksjonen i anlegget vil også bli noko mindre om inntaket blir trekt ned.

Det er NVE si vurdering at omsynet til friluftsinnteressene ikkje er dei vesentlegaste i vurderinga av Årsetelva kraftverk. Rett nok har Kvistaddalen og omkringliggande fjell stor verdi for friluftslivet, men dei viktigaste områda ligg lenger opp i dalen. Men Kvistadsætra er godt synleg for alle brukarane av den øvre del av Kvistaddalen, og støylsområdet har preg av et heilskapleg kulturlandskap.

NVE meiner at det kan vere riktig å vurdere ei anna plassering av inntaket, men at ein samstundes må vurdere kva konsekvensar dette elles kan få. Dersom det vil føre til større terrenginngrep i røyrгатetraseen lenger ned, vil det vere uheldig. I vurderinga av konsesjonsspørsmålet for Årsetelva kraftverk, er det eit viktig forhold at røyrгатetraseen i stor grad vil følgje eksisterande veg og gravast ned i dyrka mark og soleis vil ha avgrensa konsekvensar med omsyn til terrenginngrep.

Det er vår oppfatning at sjølv utforminga og storleiken av inntaket vil ha meir å seie for kulturlandskapet i området enn kva plasseringa av inntaket vil ha. Ei flytting av inntaket ned til kote 440 vil etter NVEs vurdering framleis innebere at det blir liggande i nærleiken av, og synlig frå Kvistadsætra og vegen gjennom Kvistaddalen. Ved ein ev. konsesjon vil det vere ein føresetnad frå NVE si side at inntakskonstruksjonen ikkje blir dominerande i landskapet, og det er vår oppfatning at dette også er i samsvar med søkjar sine egne ønske.

Når det gjeld plasseringa av inntaket er det vår vurdering at denne kan avklarast gjennom detaljplanlegginga dersom det blir gitt konsesjon, men under føresetnaden nemnd over.

Naturmangfald

Akvatisk miljø

Bondalselva er eit laksevassdrag, og dette kan vere eit viktig forhold i vurderinga av Årsetelva kraftverk. Det er utvilsamt at det er eller har vore oppgang av anadrom fisk i nedre del av Årsetelva.

Kor lang den anadrome strekninga er/har vore, synes derimot å vere uklart. Det er ikkje fastslege kvar absolutt vandringshinder for anadrom fisk er.

Det synes også å vere klart at forholda for fiskeoppgang i Årsetelva i dag er svært avgrensa. Dette kan skuldast fleire forhold. Det er etablert fleire tersklar i nedre del av elva som avgrensar oppgangsmoglegheitene. I tillegg har opphopping av lausmassar i elvelaupet hatt same effekt. Det er mogleg at dei fysiske inngrepa kan ha forsterka problematikken som er knytt til masselagring.

Det er NVE si vurdering at dersom Årsetelva i utgangspunktet var viktig for anadrom fisk i Bondalsvassdraget, og at det var dei fysiske tiltaka i elva som i stor grad hadde redusert moglegheitene for oppgang, måtte det leggjast vekt på at Årsetelva ville ha et potensial for anadrom fisk. Restaureringstiltak vil då kunne bidra til at potencialet igjen kunne bli realisert.

I saksframlegget til Ørsta kommune, blir denne problematikken drøfta. Det blir her konkludert med at Årsetelva frå naturens side har avgrensa verdi for anadrom fisk. Samstundes er Årsetelva kraftverk planlagt plassert etter måten så langt opp i sidevassdraget at det neppe ville hatt nemneverdige konsekvensar. NVE meiner at dette er ei viktig vurdering. Det blir frå vår side også lagt til grunn som eit viktig moment at kraftverket si planlagde slukeevne, storleiken på minstevassføringa og tilsiget frå restfeltet vil innebære at vassføringa på utbyggingsstrekninga fortsatt vil kunne vere tilstrekkeleg for å ivareta eit mogleg potensial for anadrom fisk.

Årsetelva har vore nytta til utsetting av lakseyngel nedanfor tersklane i nedre del, men ifølgje biomangfaldrapporten blir den ikkje lenger nytta til føremålet, då den ikkje er vurdert å vere egna. Vurderinga støttar opp om inntrykket av at Årsetelva er av avgrensa verdi for anadrom fisk. Høyringa har ikkje bidrege til å endre på dette sjølv om MDG er skeptiske til ei utbygging av Årsetelva av omsyn til laks.

Det er oppgang av ål i Bondalselva, men det er uklart om dette også gjeld Årsetelva. Ingen av høyringspartane har lagt vekt på dette. Det er NVE si vurdering at det er lite truleg at det er oppgang av ål i Årsetelva. Vi grunngjev dette med at det ikkje er eigna oppvekstvilkår med tjern eller vatn lenger opp i elva.

Det er ikkje kjend, og heller ikkje truleg, at det finnst elvemusling på den aktuelle utbyggingsstrekninga.

Det er vår oppfatning at det av omsyn til det akvatiske miljø er viktig å vurdere inntaksløysing dersom det blir gitt konsesjon. I vurderinga av landskap over føreset vi at inntakskonstruksjonen ikkje må vere dominerande. Også av omsyn til det biologiske mangfald er val av inntak viktig. Ved ein ev. konsesjon må det vektleggast i detaljplanlegginga at inntaket skal gjevast ei utforming som tek omsyn til livet i elva.

Terrestrisk miljø

Fylkesmannen ber om at inntaket blir flytta lenger ned, mellom anna av omsynet til naturbeitemarka ved Kvistadsætra. Ifølgje biomangfaldrapporten er det liten konflikt mellom naturbeitemarka og det planlagde inntaket og øvre del av røyrkata. Det blir vist til Naturbase, der avgrensinga av naturtypen er knytt til sjølve sætra utan at den strekkjer seg heilt ned til elva.

Det er NVE si vurdering at området ved Kvistadsætra er eit nokolunde heilskapleg kulturlandskap og støyismiljø, og at det er viktig også å ivareta naturbeitemarka ved sætra. Det er derimot vår vurdering at ei plassering av inntaket som omsøkt kan skje utan at dette reduserer verdien av naturbeitemarka, men forholdet må ha eit særlig fokus i detaljplanlegginga dersom det blir gitt konsesjon.

Det er i området der 22 kV-kabel er planlagt registrert ein førekomst av den raudlista arten solblom. NVE legg til grunn at dersom det blir gitt løyve til Årsetelva kraftverk, vil det ver mogleg å ta omsyn til arten gjennom detaljplanlegginga.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Årsetelva kraftverk legg vi til grunn bestemmingane i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 samt §§ 8-12.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, fiskeundersøkingar, høyringsfråsegn samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 20.01.2014. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Årsetelva kraftverk fins det ei naturbeitemark ved Kvistadsætra med verdisetting B, og ein førekomst av solblom (VU), og det er gjort observasjon av oter (VU). Ei eventuell utbygging av Årsetelva vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar, artar eller økosystemet gjeve i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 gitt avbøtande tiltak.

NVE har også sett dette i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Årsetelva er ei sideelv til Bondalselva som etter måten lite påverka av inngrep, med unnatak av tersklar i nedre del av elva. I dette område er det tidlegare også bygd flaumvollar. I Bondalselva er Aklestad minikraftverk bygd ut, og eit minikraftverk i Skondalselva minikraftverk er vurdert til ikkje å vere konsesjonspliktig. Samstundes med søknaden om Årsetelva kraftverk, behandlar NVE ytterlegare 6 søknader i Ørsta kommune, der to søknader nær Øye er avsege. Dei andre 4 er meir direkte knytt til Hjørundfjorden enn Årsetelva, og er vurdert særskilt i høve til verknadene på fjordlandskapet.

Sjølv om Årsetelva ligg i ein region med etter måten mykje utbygd vasskraft, er det NVE si vurdering at Årsetelva kraftverk i svært avgrensa grad vil bidra til auka belastning for Bondalselva, Ørsta kommune eller regionen, verken når det gjeld biologisk mangfald eller andre vurderingstema.

Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 er vurdert, og er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVEs vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tillegast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette. Plassering av inntak og val av inntaksløysing er eksempel på tiltak som konkret vil bøte på konsekvensane av Årsetelva kraftverk.

Konsekvensar av kraftkabel

Dette forholdet er vurdert under drøftinga av konsekvensane for det biologiske mangfaldet over.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Årsetelva kraftverk vil gje drygt 5 GWh i eit gjennomsnittleg år. Denne produksjonsmengda reknast som normalt for eit småkraftverk. Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i

den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkjar/grunneigarar og generere skatteinntekter. Vidare vil Årsetelva kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

Oppsummering

Årsetelva er ein del av det verna Bondalsvassdraget, og dette krev særleg aktsemd. Ingen av høyringspartane går imot Årsetelva kraftverk med grunngjeving i vassdragsvernet. NVE meiner likevel at det er viktig at det blir lagt vekt på at konsesjonsvilkåra tek i vare omsynet til vassdragsvernet dersom det blir gitt konsesjon. Søknaden er elles utforma med ei avgrensa slukeevne på maksimalt 30 % av medelvassføringa, og med ei minstevassføring som må karakteriserast som høg samanlikna med dei fleste andre søknader om mini- og småkraftverk.

Inntaket er planlagt ved Kvistadsætra. Ved ein ev. konsesjon er det NVE si vurdering at det må leggjast vekt på at inntaket ikkje blir dominerande i landskapet, og at det får ei utforming som tek omsyn til Årsetelva sin økologiske funksjon. Eksakt plassering av inntaket kan avklarast gjennom detaljplan, og denne må også ivareta omsynet til kulturbeitemarka ved sætra og førekomst av solblom i nedre del. Bondalselva er lakseførande, men NVE legg til grunn at Årsetelva har liten verdi for anadrom fisk og at Årsetelva kraftverk ikkje vil ha nemneverdige konsekvensar for dette tema. NVE legg også vekt på at rørgatetraseen er planlagt etablert over dyrka mark og langs eksisterande stølsveg inn i Kvistaddalen og soleis ikkje inneber nye terrenginngrep i særleg grad.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne fråsegna meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kvistad og Årset Kraftlag AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Årsetelva kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Årsetelva kraftverk vil etter NVE si vurdering ikkje røre ved verdiar som ligg til grunn for vernet av Bondalselva. Området ved Kvistadsætra vil bli noko påverka av ei utbygging, men NVE legg til grunn at ein gjennom detaljplanen kan ivareta verdiane i dette området. Det blir føresett at inntaket skal få ei lite dominerande utforming og ivareta omsynet til biologisk mangfald. Det er også vår vurdering at friluftinteressene i Kvistaddalen ligg lenger opp i dalføret og ikkje blir påverka av ei utbygging. Årsetelva kraftverk vil ha ei avgrensa slukeevne og ein etter måten stor minstevassføring, og elva sin økologi og verdi i landskapet vil bli teken i vare.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Kvistad og Årset Kraftlag AS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber 350 m 23 kV kabel til eksisterande linjenett.

Verknadane av linjetilknytinga inngår i NVE si heilskaplege vurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Mørenett AS (tidlegare Tussa Nett AS) er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknyting til 23 kV nett. Nødvendige høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Tussa Nett AS har som netteigar og områdekonsesjonær kommentert linjetilknytinga og påpeikt at dei har fått konsesjon på bygging av ei ny 132 kV-leidning frå Rekkedal til Sæbø som vil innebære at det vil vere kapasitet for ny produksjon, også frå Årsetelva kraftverk, når denne er bygd.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknyting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengelig kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkast til Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	m ³ /s	1,07
Alminneleg lågvassføring	l/s	80
5-persentil sommar	l/s	180
5-persentil vinter	l/s	60
Største slukeevne	m ³ /s	0,32
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	30
Minste driftsvassføring	l/s	20

Kvistad og Årset Kraftlag AS har føreslege at det skal sleppast ei minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 80 l/s resten av året. Høyringspartane har i liten grad kommentert dette, men FNF meiner at minstevassføringa minst må være så stor som søkjar har føreslege.

NVE meiner at det på grunnlag av den naturlige vassføring i Årsetelva, må differensierast over året når det gjeld storleiken på minstevassføringa. Vi er av den oppfatning at søkjar sitt framlegg til minstevassføring er godt grunngeve, og har ikkje ytterlegare merknader.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 300 l/s i tida 1/5 til 30/9 og 80 l/s resten av året. Samla produksjon vil då bli på 5,4 GWh/år.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal skje. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små variasjonar i vasstand knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for dei krav til

sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Søknaden legg til grunn kote 450. Anna plassering kan vurderast i samsvar med drøftingane i dette notatet. Inntaket skal byggast slik at det blir så lite synleg i landskapet som råd, og det skal leggjast vekt på omsynet til livet i elva ved val av inntakstype. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Vassvegen skal vere nedgrave røyr på heile strekninga, og skal følgje dyrka mark og vegen gjennom Årsetdalen.
Største slukeevne	Søknaden legg til grunn 0,32 m ³ /s. Største slukeevne kan ikkje aukast ved detaljplan.
Minste driftsvassføring	Søknaden oppgjer 0,020 m ³ /s. Dette kan ikkje reduserast ved detaljplan.
Tal turbinar/turbintype	Éin peltonturbin.
Veg	Søknaden legg til grunn at det ikkje skal byggjast veg til inntaket, og tilsyn og vedlikehald skal skje til fots frå eksisterande veg. Søknaden legg til grunn ein ny, permanent 350 m lang tilkomstveg til kraftstasjonen. Gjennom detaljplanen kan det vurderast alternativ tilkomst til kraftstasjonen på eksisterande veg på flaumvollen frå sør.
Kraftstasjon	Søknaden oppgjer utløp i Årsetelva på kote 110. Mindre justering av kraftstasjonsplassering inkludert utløp i elva kan vurderast i detaljplanen.
Nettilknytning	Nettilknytning skal skje via nedgrave jordkabel. Gjennom detaljplanlegginga skal ein kartfeste førekomst av solblom i området, og lokalisere kabeltraseen slik at førekomsten ikkje blir rørd.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av

detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Kart

